

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2011 00648	Doknr.: - 005
Mottatt: 24 MAI 2012	
Saksbeh: LP/SSJ	Ark.: 562
Kopi:	AVERS:

Dykkar ref.: 201100648-/HGR

Vår ref.: sfl

Oslo, 22.05.2012

Høyring - rammeforskrifta

Vi viser til høyringsbrev av 9.3.2012.

Endringane gjeld i hovudsak marknadsregulator sin mottaksplikt for egg og eggekvote frå andre marknadsaktørar i sektoren. Norske Felleskjøp har ingen merknader til dette. Vi vil likevel understreke at mottaksplikta – også frå aktørar i andrehandsmarknaden – har som formål å trygge rammevilkåra for bøndene og skal ikkje vere eit sikringsnett for handel og industri. Det er difor viktig at den doble mottaksplikta er avgrensa slik at marknadsordninga ikkje overtek ansvar som naturleg bør ligge på forretningsverksemda hos aktørane.


Departementet foreslår å fjerne omgrepet "intensjonspris" i § 3 pkt. 1 fordi fastsettinga av denne ikkje lenger blir gjort. Norske Felleskjøp har ingen merknader til dette.

Vi har heller ikkje merknader til endringar av § 3 pkt. 2 og 4 som gjeld kjøtt og mjølk.

Departementet foreslår oppdatering og forenkling av § 4 – Forsyningsplikt. Det blir mellom anna foreslått at den generelle regelen gir som formål for forsyningsplikta at denne skal gi "uavhengige aktører lik tilgang til råvarer til like vilkår". Norske Felleskjøp har ingen merknader til dette.


Med vennleg helsing

Norske Felleskjøp



Lars Fredrik Stuve

Adm. dir.



Sindre Flø

Fagsjef marknadsregulering